



Båten til familien Mikkelsen svarar til namnet

Det har vore ganske bra pinsetrafikk, melder hamnevert Kåre Magnus Rød på vegne av båtlagshamna. Han har registrert 14 båtar på det meste og det var natt til i går.

Ellers har 12 gjestebåtar vore eit vanleg belegg. Rød tykkjer at ein skal vera fonøgd med desse tala målt opp mot ambisjonsnivået og målt mot satsinga til Husnes og Rosendal. Det vert meldt fullt frå Rosendal, så fullt at nokre båtar har gått attende til Uskedalen

- Og frå dei som kjem til oss er det berre godord å høyra, seier hamneverten.

I dag reiser dei fleste heim. Det gjeld imidlertid ikkje familien Mikkelsen frå Arna som uskedalen.no traff i båthamna i føremiddag. Dei kom til Uskedalen i går med 37 fot lange Abenteuer (eventyr!) som slett ikkje har skuffa i høve til namnet.

Dei har vore både til Sverige og Danmark og langs norskekysten med båten og tek sikte på å vera i vårt område den nærmaste veka. Men mykje avheng sjølvstapt av veret. Kor lenge dei blir i Uskedalen veit dei ikkje - dei har ikkje vitja oss før!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Bente og Vilhelm med dei tre gutane sine